



Bygdagnist

Dato: 23.04.2015
Vår ref.: 2015/59-89
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Tildeling av tilskot til lokale friluftslivstiltak 2015 - Hardangermarsjen 2015

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2015 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til lokale friluftslivstiltak. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, vedtok 16.04.2015 å tildele **kr 10.000,-** i tilskot til Hardangermarsjen 2015.

Grunngjeving

I samband med Friluftslivets år 2015 vedtok Kultur og ressursutvalet 12. februar 2015 at kr 320.000 av kr 400.000 som vart sett av i fylkestinget i desember 2014 til Friluftslivets år 2015, skal leggst inn i denne tilskotsordninga. Såleis er det kr 720 000 til fordeling. Det er 75 søknadar med ein samla godkjent søknadssum på kr 2 429 620. Til grunn for handsaminga låg skildringa som vart gitt i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinene for ordninga og relevans for Friluftslivets år 2015. Vurderinga er og sett i samheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Saksframlegget til møtet i Kultur- og ressursutvalet ligg ved.

Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>
- *Link til brukarretteiing*
<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/59-89
Ressursnummer: 400006
Beløp: kr 10.000,-

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar skal gjennomføra rapportering, levara rekneskap samt medverka til kontroll som nemnt under.
- Tiltaket promoterast og gjennomførast som eit lokalt bidrag i markeringa av Friluftslivets år 2015.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>.

Om føresetnadene ikkje vert oppfylte, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta eller falla bort.

Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 15. desember 2015. Rapporten skal minst innehalda desse punkta:

- Skildra gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peika på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informera om eventuell vidareføring.

Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt, kan vedtaket om tildeling verta gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker.

Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Friluftslivets år 2015

Hordaland fylkeskommune har ei koordinerande rolle for Friluftslivets år 2015 i Hordaland. Det er oppretta ei nettside der de som aktørar kan vere med å bidra med innhald. Send oppdatert informasjon om dykkar prosjekt, markeringar, arrangement og anna som kan knytast til FÅ15 til Hanne Espe hanne.espe@hfk.no. Det er stor aktivitet i fylket, og dette håpar vi å kunne dele med alle innbyggjarane. Bruk logo på dei arrangementa som er knytt til FÅ15.



Har de spørsmål kan de kontakta rådgjevar Eirik Knive e-post eirik.knive@hfk.no eller telefon 55 23 91 66/ 99 15 58 29.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Hanne Espe
rådgjevar

Vedlegg: Sak 2015/59-1 Tilskot til lokale friluftslivstiltak 2015

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.